

Frå trelavvo til brakkerigg

13.01.2012

Kommunen har gjeve grønt lys for fleire mindre byggjeprojekt i Uskedalen, mellom anna byggjing av ein trelavvo på treunderlag i Skårhaug - på same staden som stofflavvoen stod på. Den vart teke av vinden. Friluftslaget har også gjeve løyve. Den kommunale barnehagen har fortrinn til bruk på dagtid og ansvar for vedlikehaldet. av lavvoen som blir 20 kvadratmeter stor.

* På Børnes industriområde har Mesta auka aktiviteten etter at konsernet fekk att entreprisen for vegvedlikehaldet og har fått løyve til å reise ein ny brakkerigg som er på 107 kvadratmeter når terrasseplating reknast med. Det ligg ikkje føre merknader til prosjektet. og det har god utforming i høve till rimelege estetiske omsyn, meiner kommunen. Riggen erstattar den som har vore der før

* Ingrid og Frode Bu på Ytre Eik har fått løyve til frådelling av ein parsell som Vidar Smith og Gry Måkestad skal nytta til bustadeigedom. Arealbruken er i samsvar med reguleringsplanen.og det er ikkje protestar i saka.

* Det vert gjeve dispensasjon og Solfrid Eik kan dermed leggja ut bryggje som ho har søkt om. Det er allereie kai der og bryggja vil difor ikkje verka ytterlegare privatiserande og kjem ikkje vesentleg i strid med intensjonane i kommunedelplanen eller fobodet mot byggjing i strandsona. Kommunen viser her til dei nye planretningslinene i denne sona som har endra premissane vesentleg.

Av Ola Matti Mathisen